

Årsmeldnig for Klubbhus og Hangarar

Innsatsen i året 2025 gjekk mykje på klubbhuset. Mest kostnad og mest dugnadsinnsats. Resultatet blei ei nyoppussa klubbstova med fotside vinduer med utsikt ned i hangaren.

Det som ellers blei gjort var at det blei fjerna noko som var utdatert og kanskje ikkje hørte til. Rett og slett ein opprydding i kva me skal ha og ikkje. Nye fargar på vegg og tak. Det gamle golvdekket blei erstatta med nytt. Ny kjøkkenseksjon var nødvendig då den gamle nærast gjekk i oppløysing. Alt i alt så fekk me gjort ganske mykje slik at me nå har ei klubbstova me som medlemmer kan vera stolte av, Den amerikanske veggen med Tom Cruise og co kjem til å bli historieveggen til Sola Flyklubb.

Som ansvarleg for klubbhus og hangarar så er det bare å erkjenne at det å få folk til å bidra med div ting for klubben, ikkje alltid er like lett. Med så mange medlemmer, aktive og passive skulle ein tru at det ikkje var problemer å få gjort ting som oppussing av klubbhus. Greit at folk har mykje å gjer utanom klubben, men der er ein god del ting som må gjerast på dugnad som medlemmene kan bidra med. Økonomien i klubben tilseier det. Og for å bl.a halda timeprisen på flya på eit akseptabelt nivå må mykje av det som må gjerast, det må gjerast på dugnad. Mitt håp er at fleire av medlemmene ser det og vil vera med å bidra når det trengs.

Nye hangaren blir i sommar 10 år. 2016 stod den ferdig og den huser fortsatt for det aller meste 6 fly, og som var det me håpa på når vi planla og byggde den. Ein skulle tru at når hangaren ikkje er meir enn 10 år så var det fortsatt lite å gjer enn det å vedlikehalda med maling og forfallande småreperasjonar. Det er ikkje heilt slik. For den som ser litt nøye på sørsida vil ein oppdaga at kledningen på veggen der har begynt å råtne. Det er ståande kledning og mykje av nedre del av kledningen har allereie råtne. Kva gjer me med det? Dette treng me ikkje gjer alt av på ein gong. Ha ein langsiktig plan for utskiftning, gjer det på dugnad så treng det ikkje bli den store årlege kostnaden. Det fysste som me kan gjer er å kutta av 5 cm på kledningen nederst. Det er muligt som ein begynnelse og ein fysstehjelp.

Gamle hangaren skulle vore malt i fjor sommar. Det hadde eg bestemt meg for skulle gjennomførast. Slik blei det ikkje. Oppussingen av klubbstova drog ut i tid og plutselig var det sommar. Då var det ikkje på sin plass og begynna å masa på folk igjen om å gjer meir innsats for klubben. Nå må den bli malt i sommar!!!! Eg har prøvt å få tak i portstyringar til bunnen på portane. Det har ikkje vore enkelt, men nå ser det ut til å lykkast.

Brannvarsling og sikring har vore lite prioritert, men det har blitt diskutert løysningar i styret. Brannvarsling skulle absolutt vore på plass, men det er eit kostnadsspørsmål. Det er ein del me kan gjer med brannsikring utan at det treng kosta så mykje. Vera bevisst dette med brannfare hindrar mange brannar i å oppstå. Og for at me ikkje kjem i situasjonar der det er folk som sover i klubbhuset og det oppstår brann så er overnatting i klubbstova ikkje tillatt. Ikkje så lenge me ikkje har godkjenning for dette

Til slutt vil undertekna takka alle som på ein eller annan måte har bidratt til å halda hjula i gang når det gjeld klubbhus og hangarar. Spesiell takk til oppussingsgjengen i klubbstova som bidrog på ein flott måte slik at vi til slutt blei ferdige.

Takk også til Sparebankstiftelsen for deira bidrag på 60 000,- som gjor at vi kom i mål med prosjektet økonomisk, Det er godt å ha slike institusjonar som ser og premierer klubbar som vil noko i lokalsamfunnet slik som vi i Sola Flyklubb

Arild Flesjå